

MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Torsdag 23.5.2014
Stad: Flå, Thon Hotel Bjørneparken

Desse møtte frå Regionrådet:

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Tony Kjøl,	Hol kommune
Ivar Brevik,	Ål kommune
Hallvor Lilleslett,	Gol kommune
Tor Magnussen,	Nes kommune (sak 16, 17, 20)
Tor Egil Buøen	Flå kommune

- Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar
- Frå Buskerud fylkeskommune møtte regionkontakt Tore Gilhuus.
- Rådmannsutvalet deltok i sak 16 - 22

SAK 16/14 FORDELINGSNØKKELE, INTERKOMMUNALT SAMARBEID

Regionrådet og rådmannsutvalet drøfta ulike prinsipp og aktuelle alternativ til fordelingsnøkkel for det interkommunale samarbeidet.

Vedtak

Dagleg leiar i samarbeid med rådmannsutvalet utarbeidar sak om ny kostnadsfordelingsmodell til møte i regionrådet fortrinnsvis i juni, seinast i august møte.

SAK 17/14 REGIONAL KULTURKOORDINATOR

Saka vart utsett til regionrådet sitt møte i juni

SAK 18/14 REGIONAL AREAL- OG TRANSPORTPLAN

Buskerud fylkeskommune arrangerte oppstartsmøte for Regional areal- og transportplan for Buskerud 9. mai. Deltakinga frå Hallingdal var sterkt redusert grunna Hallingting. For å få kome best mogeleg inn i planprosessen var Ellen Korvald, rådgjevar frå Buskerud fylkeskommune invitert til møte for å orientere om status om arbeidet og få innspel, vedlagt eigen presentasjon.

SAK 19/14 UTARBEIDING AV PLANPROGRAMMET FOR REGIONAL PLAN FOR KULTURMINNEVERN, ORIENTERING/DRØFTING

Turid Kolstadløkken frå Buskerud fylkeskommune og Åse Marit R. Flesseberg frå Asplan Viak orienterte om arbeidet om planprogrammet for regional plan for kulturminnevern, vedlagt eigen presentasjon.

SAK 20/14 TILSKOT TIL FESTFØRESTILLINGA I SAMBAND MED OPNINGA SOKNA – ØREGNVIKA

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal løyver inntil kr. 200.000 til festførestilling i samband med opning av Sokna – Ørgenvika. Midlane blir teke frå Strategisk plan for Hallingdal.

SAK 21/14 SMB UTVIKLING, REISELIV I HALLINGDAL

Ellen K. Gran frå Næringscenteret i Vestfold AS orienterte om prosjekt SMB-utvikling for reiselivet i Hallingdal, vedlagt eigen presentasjon.

SAK 22/14 STYRKING AV SAUEHALDET I HALLINGDAL, ORIENTERING

Dagfinn Ystad i Norsk i Norsk Landbruksrådgiving Østafjells orienterte om planlagt prosjekt «Meir sau i Buskerud», vedlagt eigen presentasjon.

SAK 23/14 EVENTUELT**Politi og lensmannssituasjon i Hallingdal**

Regionrådet for Hallingdal drøfta dagens politi/lensmannssituasjon i Hallingdal. Regionrådet er sterkt kritiske til situasjonen og vil rette ei oppmoding til politimesteren for nordre Buskerud om eige møte for å synleggjera situasjonen.

SAK 24/14 GODKJENNING AV PROTOKOLL**Vedtak**

Protokollen er godkjent.

Flå 23.5.2014

Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune

Ivar Brevik, Ål kommune

Tony Kjøl, Hol kommune

Hallvor Lilleslett, Gol kommune

Tor Egil Buøen, Flå kommune